



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201908417-4	04.12.2020	160618/2020/M10	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	27.01.2021

Rauma kommune - søknad om løyve til uttak av vatn frå Reistadelva - offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vassforvaltning:

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016 - 2021 blei godkjent 1.7.2017 av Klima- og miljødepartementet. Forvaltningsplanen sett miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Vassforvaltningsplanen skal leggest til grunn i kommunens og stats saksbehandling og verksemd. Planen oppdaterast for perioden 2022-2027.

Reistadelva, vassførekomst ID 102-21-R har ifølge vann-nett god økologisk tilstand. Miljømålet for vassførekomsten er å oppretthalde god miljøtilstand både i gjeldande plan og i utkast til oppdatert plan. I utkast til oppdatert vassforvaltningsplan er anadrome vassdrag, særleg mindre vassdrag, prioritert. Rådgivende Biologer AS skriv at tettleik av ungfisk tilsvarar dårleg tilstand og økologisk tilstand i vassdraget er truleg dårlegare enn god. Dei registrerte påverknadene er vassuttak for fiskeoppdrett og uttak for drikkevassforsyning. Dei er vurdert å ha liten grad av påverknad på vassdraget og er nok ikkje grunn til den dårlege tilstanden for fisk. Søknaden er ei formalisering av eit eksisterande vassuttak og vil derfor ikkje føre til ytterlegare negativ påverknad på vassførekomsten.

Det er truleg andre påverknadar som gjer at tilstand til sjøaure ikkje er bra. For å nå miljømål om god tilstand må det gjerast tiltak, men da mot andre påverknadar.

Sjølv om omsøkte tiltak truleg ikkje vil påverke vassførekomsten negativt, synes oppgitt minstevassføring beskjeden. Det er ikkje sikkert den vil vere tilstrekkeleg i tørre periodar. Dette vil kunne føre til negativ påverknad på anadrom fisk, og dermed kome i konflikt med miljømålet til vassførekomsten. I søknad er det oppgitt at anlegget kan i naudsituasjonar klare seg med ned mot 8,3 l/s uansett tid på året. NVE bør derfor sette inn vilkår i konsesjon om at produksjonen har på plass ein beredskap for tørkeperiodar ol. som ivaretek vassmiljøet i elva.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Vassforvaltning: rådgiver Håkon Slutaas, tlf. 71 28 04 41

Kopi:

Rauma kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal